

”Lensmannen i Torvastad og Skåre gjemte seg vekk. Om natta sov han for lukket dør og med stemmesedlene vel forvart i en pakke under hodeputen. Han ville være sikker. Stemningen var nemlig slik at man kunde vente seg noget av hvert.”



Lensmannen trodde ikke at kvinnene kunne klare det...

År 1925 den 12. november heldt Utsira valgstyre møte i Nordvik, Utsira, for etter ordre av 6. november frå fylkedsmanden i Rogaland, å taka stoda til lensmann Lunde sin klage, dagsett 3. november, yver kommunevalet den 29. oktober 1925.

Lensmann Lunde la fram nemde skriv eller klage som har vert anket inn:

”Med dette sender eg utskriv av valboki. Som fylkesmannen hev alt sett av avisorne, at dette valet er noko fyre seg sjølv. Utfallet av valet er ikkje i samsvar med dei røysteføre sitt ynskje eller vilje. Frammøtet var sers lite. Av 183 manntalsførde veljarar røysta berre 48 – 24 av desse veljarane hadde organisert seg um ei ”kvinnelista”. Avdi fram-møtet var so ringt ville tilhøvet at denne lista på sett og vis fikk – fleirtal. Dei hine 24 som røysta hadde nemleg spreid seg noko. –

Valutfalet verkar nærare som chikane mot det no sitjande heradstyre, og dei som er skuld i at utfallet er vorte slik veit det sjølv, at dei hev misbruka røysteretten sin.

Alle dei valde kvinner er gode og røynde personar, men dei hev, som vore beste kvin-ner flest, aldri vore med i kommunalt styre og stell. Ingen likar mindre enn dei sjølv utfallet.

Etter dette meinar eg at valet kann eller bør gjerast um inkje og, at nytt val vert halde. Det er ikkje rett at eit slik val skal stå ved lag. Det vil og eit nytt val best syna.

Dei menn, som no er i Utsira heradstyre er å rekna millom dei aller beste i heradet. Dei bryr seg lite um det heile, men vert det nytt val, er eg ottefull for at dei alle segjer frå seg attval”

Fra Valgstyrets
protokoll:

Styret behandler
to klager

”Valet bør
gjerast um
inkje”

Valstyret var samd i innhaldet i lensmann Lunde sitt nemnde skriv – eller nemde klage, men millom veljara-ne i heradet kann det no ikkje segjast å vere noko ynskje um nytt val. Etter dette var heile valstyret samd um dette vedtak:

Valet den 29. oktober bør stå ved lag.

Kristian Lunde

Sivert Helgesen

Konrad K Austrheim

Mathias L Nordvik

Hersleb Helgesen (”Siratrollet”) og Rasmus Høidal klagde over at det foregikk agitasjon i valglokalene:

År 1925 den 19. desember heldt Utsira valstyre møte i Nordvik Utsira for, etter ordre av 1. desember frå fylkesmannen i Rogaland å taka stoda til Hersleb Helgesen og Rasmus Høidal sin klage, dagsett 23. november, yver kommunevalet 29/10-25.

Til stades var alle formannskapsmedlemmer og formannen i valstyret Lensmann Lunde. Lensmann Lunde la fram den nemde klagen og valstyret var samd um denne fråsegn:

Valet vart halde i det minste rommet i Utsira bedehus. Dette rommet, som ikkje er so rett lite, vert elles nytta til skulestova for framhaldskulen eller til mindre møter. Sjølve samlingsrommet i bedehuset var det ”avlukke” kor veljarane gjekk og la røystesetelen i brev var.

Formannen i valstyret var fleire gonger innom i salen ”avlukket”, likeeins to av dei andre styremedlemmene –utan at nokon av oss vart vis med nok missleg eller uvanleg. Ved dei tidligare val hev salen vore nytta som ”avlukke” nett som ved dette valet.

Der var sers lite fram møte ved valet. Røystetida var 5 timar – fra 10 til 1 og 5 til 7 og veljarane møtte fram vanleg berre ein eller to um gongen.

Kristian Lunde

Sivert Helgesen

Konrad K Austrheim

Mathias L Nordvik

U T S I R A
♀ ♀ ♀ ♀ ♀ ♀ ♀ ♂ ♀ ♀ ♀ ♀